

Arkiv: GBNR-106/50, FA-L49, HistSak-19/2188
JournalpostID: <jplD> 20/9573
Saksbehandlar:
Dato: 20.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
002/20	Klagenemnd	06.05.2020

**Klage på avslag om utsleppsløyve - gbnr 106/50 Fanebust
RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Klagen vert ikkje teke til følge og vedtak i sak 19/2188, datert 09.10.2019, vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

Klagenemnd 06.05.2020:

Behandling:

Fellesframlegg v/Thomas Larsen-H:
Klagenemnda gjev klagar medhald, og sender saka attende til administrasjon for utforming av vedtak med eventuelle naudsynte vilkår for å ivareta krava i forureiningslova.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KLAG- 002/20 Vedtak:

Klagenemnda gjer klagar medhald, og sender saka tilbake til administrasjon for utforming av vedtak med eventuelle naudsynte vilkår for å ivareta krava i forureiningslova.

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 106/50
Adresse: Sundsbøvegen 8
Tiltakshavar/eigar: Reidar Bø
Klagar: Reidar Bø

Saka gjeld klage på delegert vedtak om avslag på søknad om utseppsløyve for svartvatn til etablert fritidsbustad på fritidseigedom i arkivsak 19/2188, datert 09.10.2019. I søknaden er det opplyst at utseppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utseppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande felles utseppsleidning som går til sjø. Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utseppet er opplyst til 5 pe.

Utsleppet frå eigedomen skal koplast til eksisterande privat fellesleidning inne på eigedomen gbnr 106/53.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det ikkje gjeve utseppsløyve for fritidsbustad på gbnr 106/50.

Grunngjevinga går fram av vurderinga over.»

Klage

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over delegert vedtak om avslag på utseppsløyve i arkivsak 19/2188, datert 09.10.2019 den 26.11.2019. Klagen er komplett i høve krav til tilleggsdokumentasjon for søknad om utseppsløyve.

Klagerett og klagefrist

Tiltakshavar er part i saka. Som part i saka har man klagerett. Det er gjeve utsatt klagefristen er 30.11.2019. Klagen er mottatt innan klagefristen.

Klagehandsaming

Saka blir behandla i møte den 17.03.2020.

Saka skal avgjerast av klagenemnda. Dersom klagenemnda er positiv til at det vert gjeve utseppsløyve i saka, ber vi om at saka vert sendt tilbake til administrasjonen for utforming av vedtak med naudsynte vilkår for å ivareta krava i forureiningslova.

Krav til tilleggsopplysningar ved klage

I avslaget vart det satt følgjande krav til tilleggsdokumentasjon ved klage:

«Tilkopling til eksisterande utsleppsleidning


Det er ikkje opplyst om det ligg føre utsleppsløye for den eksisterande utsleppsleidningen som utsleppet frå gbnr 106/50 skal koplast til. Det er heller ikkje opplyst kor mange pe utsleppsleidningen er godkjend for. Utsleppsleidningen i sin heilskap og utsleppsstad er ikkje vist på situasjonsplanen.»

Kommunen har undersøkt sine arkiv, men ikkje funnet godkjent utsleppsløye for den eksisterande utsleppsleidningen som utsleppet frå gbnr 106/50 skal koplast til. Ved klage er det ikkje lagt fram dokumentasjon om utsleppsløye for den eksisterande utsleppsleidningen som utsleppet frå gbnr 106/50 skal koplast til. Det er heller ikkje opplyst kor mange pe utsleppsleidningen er godkjend for. Det er opplyst at utsleppsleidninga er i orden og har god kapasitet til fleire bueiningar.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel i tidlegare Lindås kommune (KPA) er definert som LNF-føremål (landbruk-natur og friluftsliv). Eigedomen er fell innunder føresegn 2.4.1. Veg, vatn, overvatn, sløkkevatn og avlaup skal sjåast i samanheng med med eksisterande og framtidig utbygging i området slik at det vert etablert gode, heilskaplege løysningar. Det skal utarbeidsats felles planar for slik infrastruktir, der kommunen finner det naudsynt.

Kart/foto



Utsnitt oversikt grunnkart med offentlig
VA- data (vatn- og avløp)

Utsnitt situasjonskart, datert 25.11.2019, for felles
utsleppsledning og utsleppstad



Utsnitt situasjonskart



Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klager viser til at det er uvisst når arbeidet med etablering av det offentlege vatn- og avløpets anlegget settast i gang. På grunn av dårlege terrengforhold og en lavere plassering av tomte i forhold til reguleringsområdet, vert det uforholdsmessig dyrt for fritidsbustaden å koble seg på offentlig avløp. Det vert vist til at avstanden frå fritidsbustaden til det regulerte område er lang slik at det vert lite praktisk og ikkje økonomisk forsvarlig å kopple seg på offentlig avløp.

Det er også vist til utfordringar med å få i hamn privatrettslege avtaler for etablering av private stikkleidning fram til det kommunale anlegget. Det vart etablert gråvassutslipp i år 1999/2000 i nærleiken av det regulerte området utan at det vart privat avstikk for noverande eigedom pga. manglande private avtale som no ligg føre for å kunne etablere privat avløp.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Søknader om utsleppsløyve med storleik inntil 50-pe skal handsamast etter reglane forureiningslova paragraf 11, jf. forureiningsforskrifta paragrafane 12-3 og 12-5.

Etter paragraf 12-3 i forskrifta kan ingen setja i verk nye utslepp eller auka utslepp vesentleg utan at løyve er gitt i medhald av paragraf 12-5.

Etter forurensingsloven paragraf 11 første ledd første punktum «kan» forureiningsmyndigheten etter søknad gi løyve til verksemd som kan medføre forurensing. Vurderingen av om tillatelse skal gis, ligg innanfor forvaltningens frie skjønn.

Klager viser til at det er uvisst når arbeidet med etablering av det offentlege vatn- og avløpets anlegget settast i gang. På grunn av dårlege terrengforhold og en lågare plassering av tomte i forhold til reguleringsområdet, vert det uforholdsmessig dyrt for fritidsbustaden å kople seg på offentlig avløp. Det vert opplyst at avstanden frå fritidsbustaden til det regulerte område er lang slik at det vert lite praktisk og ikkje økonomisk forsvarlig å kople seg på offentlig avløp.

For område som er omfatta av reguleringsplanen Fonnebost er det krav om at eigedomane skal knytast til kommunalt vass- og avløpsanlegg, men anlegget er ikkje bygd ut. Kommunedelplan for Lindås (kommuneplan), pkt. 2.4.1, og reguleringsplanen stille krav til heilskapelege løysingar. Dette inneber at det skal vere heilskapelege løysingar for blant anna veg, vatn og avløp.

Kommunen ønskjer at flest mogleg skal kunne knytast til kommunalt avløpsanlegg og vil av denne grunn ikkje godkjenna nye separate utslepp i område der ein vil kunne knyta seg til kommunalt anlegg, anten direkte eller via private leidningar. Dette gjeld også område der det ikkje er etablert, men planlagt utbygging av kommunalt anlegg.

At det vil vere uforholdsmessig dyrt vil ikkje kunne vere eit avgjerande moment i denne vurderinga. Anlegget er ikkje bygd ut, og ein utbygging vil kunne innebære at fleire kan kople seg på og, dermed opparbeide felles stikkleidningar til anlegget.

Administrasjonen vil peike på at kommunen som forureiningsmynde «kan» etter søknad gi løyve til verksamd som kan medføre forurensing. Søkjer vil dermed aldri ha rettskrav på utslippsløyve. I denne saka finn administrasjonen det må etablerast heilskaplege løysingar for avløp. Dersom det blir gitt nye/auka utslippsløyve i område vil effekten og nytten av den heilskaplege løysinga bli redusert

Administrasjonen vil og peike på at forhold kan endre seg over tid. Både reguleringsplan i område og kommunedelplan for Lindås stille no krav til heilskaplege løysingar for avløp. Ein heilskaplege løysing vil gi kommunen betre moglegheiter for oversikt, kontroll og vedlikehald av vann- og avløpsnett.

Administrasjonen legg til grunn at det ikkje er dokumentert utslippsløyve for den eksisterande utslippsleidningen som utsleppet frå gbnr 106/50 skal koplast til. Det er klagar sitt ansvar å dokumentere godkjent utslippsløyve for utslippsleidninga. Når det ikkje ligg føre godkjent løyve til utslippsløyve for den eksisterande utslippsleidningen som utsleppet frå gbnr 106/50 skal koplast til, kan det ikkje gis godkjenning til nytt utslepp i området som vil legalisere (godkjenne) den etablerte bruken som no finn stad. Administrasjonen legg til grunn at situasjonskartet lagt fram ved klage, datert 25.11.2019, som viser utslippsleidninga i sin heilskap og utslippsstad ikkje kan leggjast til grunn i saka då det ikkje er vist til godkjent utslippsløyve eller godkjent løyve til etablering av tiltak.

Klagar viser også til utfordringar med å få i hamn privatrettslege avtaler for etablering av private stikkleidning fram til det kommunale anlegget. Administrasjonen legg til grunn at dette er privatrettslege tilhøve.

Det er administrasjonen/kommunen si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
6. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
8. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

15.01.2020	Kommentar til søknad om etablering av slamavskiller - gbnr 106/50 Fanebust	1340532
15.01.2020	Ref	1340533
15.01.2020	Skriv fra Bø -sak 19 2188_29112019085413	1340534
15.01.2020	Utslipp Fanebust, som bygget - kart	1340535
15.01.2020	Stadfestar mottatt klage - gbnr 10650 Fanebust	1340538
24.02.2020	Svar på førespurnad om utsett klagefrist - gbnr 10650 Fanebust	1354773
24.02.2020	Ber om utsett klagefrist - gbnr 10650 Fanebust	1354774
24.02.2020	Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 10650 Fanebust	1354775
24.02.2020	Gjeld utsleppssøknad - gbnr 10650 Fanebust	1354776
24.02.2020	Svar på spørsmål - gbnr 10650 Fanebust	1354777
24.02.2020	Søknad om utslepp - gbnr 10650 Fanebust	1354778
24.02.2020	Søknad om løyve i eitt trinn - gbnr 10650 Fanebust - slamavskiller	1354779
24.02.2020	Søknad ORG PDF	1354780
24.02.2020	Søknad om løyve i eitt trinn	1354781
24.02.2020	Opplysningar om tiltakets ytre rammer	1354782
24.02.2020	Situasjonskart	1354783
24.02.2020	Privat kloakkledning Fanebust	1354784